

Lovnad om inntil 7,5 millionar kr. til opprustning av Børneskaien.

19.11.2020



MS INGVILD frå reiarlaget Myklebusthaug legg til kai på Børnes for lasting av tømmer.

Landbruksdirektoratet kjem med lovnad om løyving på inntil 7,6 millionar kr. til opprustning av Børnes Tømmerkai. Dette utgjer 80 % av finansieringsplanen. Total kosntad er estimert til 10 mill. kr. Arbeidet omfattar oppgradering, forsterking og utdjuping. Det er søre Kvinnherad Skogeigarlag saman med Kvinnherad kommune som eig og driftar tømmerkaien.

Fylkesmannen i Vestland har tilrådd opprustning av kaien som ligg sentralt i eit område med ei skogsnæring i vekst.

Børnes tømmerkai sto ferdig i 1991, og det har sidan den gong blitt levert svært mykje tømmer over kaia. Kvinnherad var fram til 2001 ei øy i samferdsela, der store deler av kommunen var utan fast vegsamband med resten av fylket. Dette har no endra seg med tunnel under Folgefonna, undersjøisk tunnel til Halsnøy og tunnel til Jondal. Men sjølv med nye veganlegg i fylket er sjøvegen rimelegare, tryggare og meir miljøvennleg enn biltransport over lengre strekningar.

Fylkesmannen skrev også i si tilråding at det er satsa aktivt på skogreising dei siste 60 – 70 åra og at mykje av denne skogen vil bli hogstmoden i tiåra som kjem. Det er stor aktivitet i skogbruket i Vestland for tida, hogsten er mangedobla i dei siste 10 åra. Det er mykje skogsveganlegg under bygging og planlegging. Alt dette er med på og set stort press på infrastruktur for skogbruket.

Store delar av tømmermengda i Vestland må på båt for rasjonell transport, dette om tømmeret skal sendast nordover til Norske Skog sine anlegg eller sørover til andre foredlingsanlegg. Det er i dag ikkje kapasitet til å foredra alt tømmeret lokalt i fylket.

Tømmerkaia ligg i god avstand frå bustader og hytter. Arealet er del av eit større industriområde slik at skip kan lasta heile døgnet utan restriksjonar for støy m.m. Ein ny og opprusta tømmerkai vil avlasta offentleg vegnett, redusera totale transportkostnader for skognæringa og slik gje betre økonomi i alle ledd.

Dersom ein undersjøisk nabbe mot sør vert skoten bort, kan dei største skipa ferdiglasta i Uskedalen.



Store mengder tømmer vert skipa ut over Børneset i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal